

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 41  
5914 Isdalstø

Dato: 26.09.2018  
Vår ref.: 2015/438-29  
Saksbehandlar: larklem  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til Reguleringsplan FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin- Vågseidet - planID 1263-201406 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 20.06.2018 om høyring av forslag til detaljregulering for ny gang- og sykkelveg langs fv 57 mellom Skodvin og Vågseide. Hovudføremålet i planen er å etablere eit tilbod for mjuke trafikantar langs strekket for å sikre god kopling mot tilgrensande vegnett. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen. Statens Vegvesen har, på vegne av Lindås kommune, vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 09.01.2015.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet.

Den Trondhjemske postvei som ligg i den nordlege delen av planområdet er teke vare på i planen. Postvegen og arealet rundt er omfatta av omsynssone H570 med tilhøyrande fråsegn, som skal sikre bevaring og hindre skjemming. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

#### Samferdsel

Eksisterande fv. 57 skulle i utgangspunktet ikkje endrast eller utbetrast, og moglegheita for å nytte postvegen som G/S-veg har vore vurdert for å redusere kostnader og sikre realisme i prosjektet. Grunna postvegen sin status som nasjonalt kulturminne har det ikkje vore mogleg å nytte deler av denne traseen til gang- sykkelveg, og fv 57 vil bli flytta på deler av strekninga.

Vi har forståing for behovet for å sikre trygg tilkomst til skolen, samt tilhøva generelt for mjuke trafikantar langs fv 57. Samstundes er ikkje prosjektet prioritert i Nordhordlandspakken eller i Regional Transportplan. Vidare ligg det regionale føringar på å prioritere utvikling av senterområda i fylket, slik at mellom anna infrastruktur og transportilbod har størst mogleg nytteverdi. Planområdet langs fv 57 er ikkje knytt til eit senterområde, og busettinga er spreidd. Fylkeskommunen sine midlar til ulike vegtiltak er avgrensa, og dette gjer det krevjande å sikre midlar til et prosjekt som med stor usikkerheit er anslått å ha ein kostnad på 127 mill kr. Flytting av fylkesvegen vil ha ein kostnad det er vanskelig å finne rom for i fylkesvegbudsjettet.

Vi rår til trinnvis utbygging der dei viktigaste tiltaka med tanke på trafikksikring vert tilrådd realisering først. Til dømes vurderer vi trygg kryssing av fv 57 som viktigare enn å etablere parkeringsplass (SPP 1).

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til planforslaget når det gjeld sjølve arealavsettinga gjennom reguleringsplan.

Men vi vurderer prosjektet til å vere for ressurskrevjande til å kunne gjennomførast slik reguleringsplanen legg opp til. Fylkeskommunen vil rå til at arealet i reguleringsplanen vert oppretthalde, men at det vert gjort ein prioritering av utbetringstiltak som kjem mjuke trafikantar til gode. Finansiering av tiltaka må ein kome attende til.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Lars Petter Klem  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdsleavdelinga

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren